


Digitale rettsmøter – bruk av fellesvisning

Ved Sogn og Fjordane tingrett nyttar vi digitale rettsmøter og rettssalane i Førde er sett opp i samsvar med retningslinjene fra Digitale Domstolar. Dette betyr at aktørane sjølv skal slå opp i digitale faktiske- og juridiske utdrag på eigen PC og viser dette på fellesvisningsskjermar. Oppkopling til fellesvisningskjermar skjer via HDMI kabel.

Som aktørar i retten kan du arbeide mot fellesvisningsskjermen på ulike måtar. Nedanfor finn du ei kort forklaring på dei ulike arbeidsmåtane:


Alternativ 1: Dupliser



Dette er den enkleste varianten og krev ingen endring av innstillingar.

Sett HDMI kabel inn i din PC og skjermane i rettssalen vil automatisk spegle din PC (det du ser på din PC blir vist til fellesvisning).

Alternativ 2: Utvid skjerm/skrivebord



Dette alternativet gir meir fleksibilitet, t.d. eigne notater på PC og dokumentsamling på fellesvisning.

- sett HDMI kabel inn i din PC
- åpne skjerminnstilling
- velg "utvid disse skjermane/skrivebord"
- pass på at begge skjermane har samme størrelse
- «dra» digital dokumentsamling over til visningsskjem

Skal dette alternativet nyttast må du gjere dette om morgonen før rettsmøtet startar (evt. i ein pause).

Alternativ 3: Bruk av 3 skjermar

For deg som er vand med å arbeide med 2 skjermar og bruke funksjonen "utvid skjerm/skrivebord", kan ei 3-skjerns løysing vere aktuelt. Dette gir fleksibilitet til å ha 2 skjermar til eige bruk under hile rettsmøte, samt ein skjerm til fellesvisning som er aktiv når du sjølv skal vise frå dokumentsamlingar. For å nytte denne løysinga må du sjølve ta med skjerm nr. 3 (t.d. reiseskjerm)

Ved spørsmål:

Kontakt Sogn og Fjordane tingrett, tlf 55 69 43 00 og spør etter Hege Brendsdal eller Vibeke Hafstad Wennevold